

## Skjellerud (gnr. 55)

Skjellerud: Gardnamn der 1. leden mest truleg er plantenamnet skjelle, skarlle, smelle, (solene?)ell. engkall (rhinanthus). Namnet er da analogt med t.d. Skjørperud, der 1. leden og er eit plantenamn, skjørpe (Convalleria majalia), liljekonvall. Gardnamnet Skjellerud blir i bygdamåletuttala: Sjellru.

I skrivne kjelder finn vi gardsbruket Skjellerud i Fåberg først nemnt i manntalet over Leiglendingebønder 1629-30. Namnet på brukaren er da skrive Oluff Skiellerud, og han betalde den utlikna skatten med 1 rd., som t.d. Johannes Hamarseng og Thomas Kasterud. I lista over Kvegskatten 1657 er gardnamnet skrive Schiellerud, og brukaren heitte da Arne. Det er vidare fortalt at husdyrhaldet på garden i den tid var 1 hest, 1 hoppe, 8 naut, 6 geiter og 9 sauer. Frå 8 år seinare er Mannkjønnsmanntalet av 1665. Der er gardsnamnet skrive Skellerud, og det er opplyst at landskylda av garden var 9 kalvskinn. Vidare er det ogfortalt at husbonden arne egentleg heitte Arne Olsen, at han da var 52 år, og at han hadde 3 søner: Engebret, Tomas og Elling.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. – Der er det om Skjellerud fortalt at enga der, innmarka var god og fruktbar, og at det var skog nok til gards bruk og dessutan god tømmerkog. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 11 naut, og tienda vart utreidd med 1¾ td. korn, som altså svara til ei årsavling på 17½ td. Brukar på garden var framleis Arne Olsen, men eigar av Skjellerud var i den tid Welbr. Hans Bielches arvingar. Det er elles fortalt at Skjellerud alt da hadde seter og sommarbeite til krøtera på Nordseter.

Alt frå året før er elles ei sak som tydeleg slår fast at Skjellerud også da var adelsgods. Jomfru Viniche Bielche let da tinglyse at ho ”skylder fornembstig dreng Ingebret Arenst 80 rd., hvorfor hun pantsetter ham en ev sine gaarde, nemlig Schiellerud i Fåberg, hvilken gaard hennes fader besidder”.

Ved tinget på Hovind i Faaberg den 5. juli 1706 var det atter fore ei sak som galdt retten til Skjellerud. Det vart da opplyst at retten til Sjellrud var ”først af Otto Bielche til oberst Reichwein utgiven, og siden af oberst Reichwein solgt til Christen Christensen for 70 rd.” Sytten år seinare kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Skjellerud fortalt at garden ligg i sollia, men er tungbrukt. Skog var det da lite eller inkje av, men det var seter ned god havn og utslåttar til 10 lass høy.

Høyavlinga i det heile var kring 20 lass, og buskapen var da 2 hestar, 12 naut og 16 småkrøter. Det er elles opplyst at den årlege utsæden var ca. 4 tdr. bygg og litt rug, og at Skjellerud hadde eiga kvern, men garden var vorte bondegods, med di Siver Nielsen var både brukar og eigar av Skjellerud.

Siver Skjellerud var framleis brukar av Skjellerud i 1731. Han kjøpte da ”Slet Eng Ødegaard som skylder med bøxel 1skind forhen under Bredsetter for sum 70 rd.” Denne brukseininga vart elles snart kalla Skjellerudsvea, men ligg som ein veit i Roterudbygda. Etter atter seks år var Christen Christensen d. y. vorte eigar og brukar av Skjellerud og arva 86 rd. etter støfar sin Siver Skjellerud.

Den 5. juni 1743 var det dødsbuskifte på ”Skjellerud i Faaberg”. Den døde var Anne Haldosdr., som hadde vore gift to gonger, først med Christen Christensen d. e. og så med Siver Nielsen. Ved dette skiftet utgjorde buet brutto 762 rd. og netto 735 rd., som var ei sers god økonomisk stilling på ein mindre gard i Fåberg i den tid. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Siver Nielsen, sonen Christen Christensen av første ekteskap og dessutan sønene: Niels, Amund, Ole og Hafte av det andre ekteskap. Eldste sonen, Christen Christensen, var da 33 år, og Niels Siversen, som da var 26 år, hadde flytta til Brunlaug.

Christen Christensen d. y. hadde elles ikkje Skjellerud lenger enn til i 1747. Da gav han skjøte til Ole Olsen Bierke og arvingane hans på odels garden Skjellerud av skyld 10 skinn for sum 550 rd. + føderåd. I dette føderådsbrevet finn ein elles denne merknaden:

”Christen Christensen skal nyde tilhold, føde og klær mot å arbeide på gården, og hvis han vil gjøre en tjenestedrengs hele arbeide da får han også fuld tjenesteløn, men hvis han ikke vil arbeide da nyder han intet.

Hvis han skulle gifte seg er det slutt med føderådet som om han skulle være død.”

Året etter fekk i 1748 Ole Olsen også skjøte frå Siver Nielsen og borna hans på ”en under Schiellerud hørende sloteng Ødegaarden av skyld 1 skind for sum 121 rd.”

Av 16. febr. 1754 er ein bevillingsseddel frå foged Christen Pram til Ole Olsen Schiellerud på fornying av bygsla ”på de fjellsletter som under hans gård har været bevilget, neml. på en rødning ved Langset Sætter for 5 læs hø, ved 2. Moenvandet 4 læs hø, samt et litet eng ved nye sætteren på Høen Fjeldet 1 læs hø, tilsm. 10 læs hø, mot årlig å svare i avgift 20 s. til Hans Mayts jordebok. Denne bevilling gjelder for 20 år.” berre få gardar i Fåberg hadde meir fjellslått i dei tider.

Ole Olsen Bjerke f. 1711 var gift med Inger Henningdtr. Vingnes, og dei hadde 8 born. Det var: 1. Lars f. 1739, 2. Nils f. 1742, gift med Anne Svendsdtr. Sundgaarden, 3. Anne f. 1743, 4. Kjersti f. 1747, 5. Karen f. 1751, 6. Ole f. 1753, død 1754. 7. Ole f. 1755, død 1771, 8. Sessel f. 1759.

Ole Olsen hadde framleis garden i 1861. Han lånte da 200 rd. av Iver Wignæs mot 5 % årleg rente og 1 pr. pant i Skjellerud, framleis av skyld 10 skinn. Truleg skulle pengane brukast til nybygging og/eller restaurering av husa på Skjellerud. – Men fire år seinare selde i 1765 Ole Olsen grd. Skjellerud med Nysveen og ”Schiellerud Stylen” av skyld 10 skinn til Ole Iversen Traaset for sum 535 rd. + føderåd til Siver Nielsen. Ole Traaset hadde elles garden i berre 3 år. Da skjøta han i 1768 garden vidare til Amund Siversen, f. 1718.

Amund Siversen f. 1718, som da tok over grd. Skjellerud, var g. m. enka Eli Pedersdtr. Ersgaard, og dei fekk 3 born. Det var: 1. Syver f. 1754, 2. Nils f. 1757, g. m. Eli Toresdtr. 3. Kristoffer f. 1760.

Syver Amundsen f. 1754 gifta seg i 1784 med Guri Olsdtr. Hov, og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Det var: 1. Ole f. 1785, død 1790, Amund f. 1787, 3. Peder f. 1789, død 1829, 4. Ole f. 1793, død 1797, 5. Eli f. 11/9.1795, død 7/10 s. å. 6. Iver f. 1808.

Av ei odelstakst på Skjellerud i 1768 går det elles fram at dei fleste av husa på garden framleis var gamle og forfalne. Om husa er det såleis gitt desse opplysningane: ”Bygninger: 1 stuehus, forfallent, 1 kofjes, likeså, 1 låve med forhus, brøstfeldig, 1 småkreaturhus, ved til brennefang, 1 stabur, forfallent, 1 kornbod, 1 bod m. loft, 1 ild hus, 1 tørkestue, 1 smiehus, 1 kvernhus, 2 hølader i engen, bygninger og lader ble taksert. Likeså hus og gjerder på setrene.” Ein merker seg at Skjellerud i den tid måtte ha minst 2 setrer.

Frå denne tid er elles folketellinga av 1801. Det budde da 3 familiar på og ved Skjellerud. Det var: ”1. Familie, 1. Syver Amundsen, husbonden, 46 år, 2. Guri Olsdtr., kona hans, 37 år, 3. Amund Syversen, son deres, 13 år, 4. Peder, son deres, 11 år, 5. Iver, son deres, 4 år, 6. Eli, dotter deres, 2 år, 7. Ole Gundersen, tenestkar, 34 år, 8. Marit Arnesdtr., tenestkvinne, 49 år, 9. Inga Nilsdtr., tenestkvinne, tenestkvinne, 19 år, 10. Beret Jensdtr., legdslem, 23 år. 2. familie: 1. Ole Christensen, husmann med jord, 31 år, 2. Sigrid Iversdtr., kona hans, 26 år, 3.

Christen Olsen, son deres, 2 år, 4. Mari Olsdtr., dotter deres, 5 år. 3. familie: 1. Nils Hansen, husmann utan jord, skomakar, 31 år, 2. Kari Arnesdtr., kona hans, 39 år, 3. Arne, son deres, 1 år, 4. Kari Olsdtr., innerst, ”nyder Almisse”.

Syver Amundsen f. 1754 hadde Skjellerud til i 1808, da gav han den 7. mars s. år skjøte til eldste sonen, Amund Syversen, på ”Skiellerud med underliggende engeland av skyld 10 skind for 200 rd.+føderåd til foreldra sine. Året etter gav elles Syver Amundsen serskilt skjøte til sonen på lausøyre og husdyr. Dette skjøtet som gir fleire opplysningar, har etter ei utskrift denne ordlyden:

”Skjellerud.

Skjøte Dat. 1809, april 19. Tgl. 1809, juni 17. fra Syver Amundsen til sin eldste sønn Amund Syversen på alt hans løsøre, tilligemed hester, fe og så kreaturer samt kornvarer, undtagen 2 kjør, 6 sauer, sengklær, duker, og alt annet lintøi som Syver Amundsen forbeholder sig, men som efter hans død tilfalder sønnen. Kjøperen er pliktig til å levere sine brødre Peder, Ole og Iver Syversønner hver en ko av det solgte. Kjøpesummen er 400 rd.”

Amund Syversen f. 1787, som i 1809 tok over som brukar på Skjellerud, var gift med Sønnøv Olsdtr. Hauger, og dei fekk 5 born. Det var: 1. Syver f. 1810, 2. Ole f. 1813, død 1890 i Skjellerudhagen, 3. Kristine f. 1816, g. m. Arne Arnesen Holtlien, 4. Grete f. 1819, g. m. Simen Pedersen nedre Sæter, 5. Marte f. 1824.

År 1809, den 7. desember var det og arveskifte etter Guri Olsdtr. f. Hov, 1763. Ved dette skiftet er det opplyst at kvar av dei 3 sønene hennar: Peder, Ole og Iver Syversøner alle arva kvar sin arvelott på 264 rd. 1 ort og 21 skilling, så det var framleis velstand på Skjellerud. Frå 2 år seinare er det elles fortalt at Syver Amundsen Skjellerud gav skjøte til Peder Jørstad på fiskeriet Knuvlen eller Brottet for kjøpesum 100 rd.

Åtte år seinare kom i 1819 det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Skjellerud fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 12 naut, og at den årlege kornavlinga var ca. 50 tdr. I denne tid var det og skifte av husmann, og Ole Halvorsen fekk bygselseddel på plassen.

Ved matrikuleringa av gardane i 1839 var Amund Syversen framleis brukar på Skjellerud. Det var da samtidig omrekning av matrikkelskylda, og skylda av Skjellerud vart etter det justert til 6 skylddalar 1 ort 8 skilling. – Amund Syversen var enda brukar på Skjellerud også i 1844. Han gav da brukskontrakt til kjøpm. Hans Larsen på ”et Stykke Mark kaldet Ringen før 20 Aar”. Men fire år seinare gav i 1848 Amund Syversen skjøte til eldste sonen sin, Syver f. 1810, på odelsgarden Skjellerud for kjøpesum 900 spd.+føderåd verdsatt til 460 spd., tilsm. 1360 spd.

Syver Amundsen f. 1810, som i 1848 vart brukar på Skjellerud, var gift med Sessel Olsdtr. midtre Langset, og dei hadde 6 born. Det var: 1. Amund f. 1847, 2. Berte f. 1850, g. m. Erik Hansen Moen, 3. Ole f. 1852, 4. Simen f. 1854, 5. Ingeborg f. 1857, 6. Anton f. 1860.

Frå denne tid vart etter kvart fleire parsellar fråskilt garden. I 1852 gav såleis Syver Amundsen husmannsseddel til Lars Fredriksen og kona på eit jordstykke austanfor garden. I 1865 fekk Frederik P. Holmen eit jordstykke på ca. 5 mål ”til Brug for sin, Kones og Børns Levetid, imod en aarlig Afgift avf 10 Spd.”

År 1865 var og dei store folke- og jordbrukstellingane, og det vart publisert fleire detaljerte opplysningar om gardane. Der er det om Skjellerud fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer under Skjellerud da var 360 mål, og av dette var 112 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Skjellerud med husmannsplassar var 3 hestar, 20 naut, 22 sauer og 10 geiter, elles går det og fram at utsæden på Skjellerud gard med husmannsplassar i den tid var ca. 10 ½ td. korn og 7 tdr. settepoteter. Vidare var det da to sjølvstendige småbruk Skjellerudhagen, der Ole hadde det eine og Kristian det andre.

Syver Amundsen f. 1810 hadde garden enda i 1885, men da gav han skjøte til eldste sonen, Amund Syversen f. 1847, på Skjellerud og halvdelen av Hundskørlingen for kjøpesum kr. 4000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 1500,-

Året etter kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Skjellerud i Fåberg fekk da gardsnr. 55 av samla skyld 13,17 mark, og det var da 4 bruksnr. under gnr. 55. Det var: 1. Gnr. 55, brn. 1 Skjellerud av skyld 10,89 mark, som Syver Amundsen var eigar og brukar av, 2. Hagen nedre, skyld 0,18 mark, eigar ell. brukar Karl Olsen, 3. Brn. 3 Hagen øvre av skyld 1,92 mark, eigar ell. brukar: Ole Amundsen, 4. Brn. 4 Hagen nedre, skyld 0,18 mark, som Mathias Olsen åtte ell. brukte.

I 1863 hadde Syver Amundsen skjøta bruket øvre Skjellerudhagen til Ole Amundsen Skjellerud, som samtidig og fekk bruksrett i Skjellerud skog. I 1888 vart nedre Skjellerudhagen fråskilt og gitt ei skyld på 3 øre, som seinare vart makeskifta med eit stykke av kjøpm. K. I. Dahls løkke.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Amund Syversen f. 1847 hadde overtatt grn. 55, brn. 1 Skjellerud, da av skyld 10,89 mark. Brn. 3 Hagen øvre, da av skyld 1,88 mark, tilhørte Kristian Kristiansen; brn. 5 Hagen nordre, skyld 0,03 mark var seld til Johan Olsen, og brn. 6 Ørelappen av skyld 0,01 var overtatt av hotelleigar Jevanord.

Amund Syversen f. 1847 som da hadde overtatt Skjellerud, var gift med Karen Johs.dtr. Holme, og dei hadde 2 born. Det var: 1. Syver f. 1884, 2. Sessel f. 1888. – Av det kommunale manntal for 1907 går det elles fram at det da budde 4 menneske med røystere på Skjellerud. Det var: Gardbr. Amund S. Skjellerud, 60 år, og kona hans, Karen J. Skjellerud, 65 år, dessutan arbeidaren Pål Olsen, 38 år, og arbeidar Ingvald Kristiansen, 28 år. Til desse 4 kom så sjølveigar Karl Olsen i Skjellerudhagen.

Av handlar med Skjellerud eller parsellar i seinare tid tek vi elles med i 1915 og 1921 kjøpte Lillehammer to større tomteareal av Skjellerud, og Einar Lunde kjøpte i 1923 brn. 14 Einar Lundes tomt av skyld 0,15 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det altså vorte ei hel mengd brn. under grn. 55 Skjellerud. Av desse mange brn. var det likevel berre to bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 55. Brn. 1 Skjellerud med eit jordbruksareal på ca. 70 mål, som Syver Skjellerud framleis var eigar og brukar av, b. Grn. 55, brn. ? Andreassens Gartneri, areal 16 mål, som Andr. Andreassen var eigar og brukar av.